



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr1

Påske 2019

76. årgang



Bygland kyrkje i vinterdrakt. Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s.	2–3
Den nye prostidiakonen	s.	3–4
Lego Romania	s.	6–8
Tur til Israel.....	s.	9–10
Bernt Gautestad	s.	11–12
Årsfest Bygland sokn	s.	13
Gudstenesterekke, Ætt skal fylgja ættarrad, Vårprogram Fredheim bedehus .	s.	14–15
Tilsette og kontaktinformasjon, Kyrkjebladet og målform, Årsfest.....	s.	15

Sjå, vi dreg opp til Jerusalem!

Påskeandakt ved sokneprest Kjell Steinbru. Andakta i Kyrkjebladet denne gongen er i hovudsak frå ei preike som vart halden på fastelavnssøndag i Sandnes kyrkje. Preikteksta var Lukas 18,31-34. Lesetekstar: Jesaja 52,13-15 og 1. Timoteus brev 2,1-6a.

Rundt omkring i verda er det vel få ting som blir feira så mykje som fastelavn. Ja, unntatt jul, da, sjølvsagt. I dagane før faste vert det arrangert store karneval rundt omkring i verda. Men enda meir enn jula, har disse festene ofte tapt si forankring i den kristne tradisjonen.

Karneval i ymse former

Kona mi og eg har just hatt vinterferie i Austerrike, og der var det eit staseleg operaball som vi følgde i fjernsynet. Det var flott og staseleg. Dette ballet har til og med kome inn på UNESCO sin verdsarvliste. Dette har òg sprunge ut av karnevalstradisjonen. Men her var det ikkje ein gong eit lite fnugg av nokon religiøs markering.

Her i Noreg er det ikkje tradisjon med så store markeringar av fastelavn. Her hos oss går det meir i fastelavnsbollar og fastelavnsris.

Tanken bak markeringa av fastelavn i kyrkja er at den innleier fastetida som er påska si førebuingstid. På same måte som advent er jula si førebuingstid.

Fastetida

Fastelavn markerer også ein overgang frå jul og til påske. I tida etter jul har vi openberringstida. Der er temaet: Kven er Jesus? Nå i fastetida er spørsmålet meir: Kva har Jesus gjort for oss? Kva var meningen med hans liv, hans liding og død?

Vi kan på ein fin måte markere denne overgangen med ei strofe frå ein julesalme: Vi går frå stall og krubbe til kross og grav!

I vår lutherske kyrkje har vi ikkje lenger nokon sterkt tradisjon med å faste i fastetida. Mykje viktigare enn å følgje diettar, er det å la Guds ord få ein litt større plass i våre liv i denne tida. At vi kan bruke fastetida til å følgje Jesus på hans vandring opp til Jerusalem.

Det kan vere på sin plass å minne om det gamle profetordet:

«For eg vil ha kjærleik, ikkje slaktoffer, gudskjennskap framfor brennoffer.» Gud spør ikkje så mykje etter dei ytre tinga.

Sjå, vi dreg opp til Jerusalem

I dagens tekst møter vi Jesus som tar ei avgjerd som kan virke ganske triviell: – Sjå, vi dreg opp til Jerusalem, seier han. Sjølv om dette var noko dei fleste gjorde i påska på Jesu tid, så låg det denne gongen noko mykje meir bak denne avgjerdha.

I Lukasevangeliet kan vi lese om det som skulle skje: «Han skal gjevast over til heidningane og bli spotta og mishandla og spytta på, og dei skal piska han og slå han i hel. Og tredje dagen skal han stå opp att.»

Læresveinane skjøna ikkje noko av dette. Det var løynt for dei, kan vi lese, og dei forstod ikkje det han sa, enda dette var tredje gongen han forklarte dei om sin død og oppstode.

Ein gong seinare kan vi merke at Jesus faktisk er litt oppgitt og utołmodig med læresveinane sine. I møte med dei to såkalla Emmausvandrarane seier han: «Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?»

Men etter at Jesus igjen vart borte frå dei to som var på veg til byen Emmaus, sa dei til kvarandre: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss?» Ja, det gjorde det, av di dei denne dagen fekk eit møte med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Jesu kall og oppdrag

I leseteksten vi i dag har hørt lest i frå Paulus brev til Timoteus står det skrive noko om Han som ga seg sjølv som løysepenge for alle.

Paulus siterer her noko som Jesus sjølv sa:

«Menneskesonen (Jesus) er heller ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenge for mange.»

Jesus skulle noko mykje meir i Jerusalem denne gongen enn å feire ei ordinær påske: Han skulle der, midt i påska, gje sitt liv som løysepenge for mange. Og blant dei mange hører også vi som lever i dag.

Alle slags slaktoffer og brennoffer skulle det bli slutt på. No var det eit anna offer det var tale om, eit som skulle bærast fram ein gong for alle. Og offeret, det var denne gongen Guds eigenfødde son, Jesus Kristus.

Når Ordet vert openberra

I Bibelen vert det brukt eit uttrykk som heiter: Å openberre, at noko vert openberra. Det er faktisk eit ganske viktig ord. For om bodskapen i Bibelen og den kristne trua ikkje har vorte openberra for oss, ja så vert den kristne bodskapen berre noko som Paulus beskriver som: Ijomande malm eller ei klingande bjølle. – Har vi berre for dette livet sett vår håp til Kristus, då er vi ynkelegare enn alle menneske, skriv Paulus.

For om Den heilage ande ikkje har openberra Ordet, det guddommelege Guds ord, for oss, vert Jesus berre ein snill og god mann som gjekk omkring og hjelpte sjuke og heldt mange fine taler, men som dessverre døyde ein tragisk død.

I 1. Johannes brev 4 står det om openberringa:

I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elsa Gud, men at han har elsa oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.

– Sende sin Son til soning for syndene våre. Det var bakgrunnen for at Jesus sa: «Sjå, vi dreg opp til Jerusalem.»

Vanskeleg å tru og skjøne

Dette kan være vanskeleg å skjøne. Det kan være vanskeleg å tru. Det kan være krevjande å ta til seg. Ja, eigentleg er det umogleg å ta dette til seg. Men trøysta er da at vi alle er i same båt. Ja, ikkje berre vi som lever no. Som vi har hørt, var det også særskjønne vanskeleg for dei tolv læresveinane å ta dette til seg. Dei hadde andre førestillingar om Jesus.

For å gå tilbake til Emmausvandrarane: Dei sa til den Jesus som dei ikkje kjende att da han kom vandrando og gjekk eit bel saman med dei: «Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri!»

Jesu kall og oppdrag

Vi kan kanskje også ha andre førestillingar om kven Jesus var og kva han gjorde for oss.

I den kristne bodskapen er det andre lover og regler som gjeld: Det som gjeld der er ein evig bodskap om kor høgt Gud elskar oss, kor han lenter etter oss, sånn som det kjem til uttrykk i Den vesle bibelen i Joh. 3,16:

For så elsa Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå forapt, men ha evig liv.

Men for at dette skal få nokon betydning for oss, må det altså ei openberring til.

Da Peter vedkjente: «Du er Messias, den levande Guds Son», så kan vi lese at Jesus tok til orde og sa: «Sæl er du, Simon, son til Jona. For dette har ikkje kjøt og blod openberra for deg, men Far min i himmelen.»

Og Far i himmelen, han kjem også til oss som lever i dag, gjennom Den heilage ande.

Jesus kallar Den heilage ande for Talsmannen, sa dette om han: «Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.»

Den heilage ande kjem til oss når vi opnar oss for Guds ord og den kristne bodskapen. Den heilage ande kjem inn til oss og opnar skriftene for oss.

Akkurat som han gjorde det for Emmausvandrarane. Dei kjente dette inne i seg: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegon og opna skriftene for oss?» Det var Meistaren sjølv som hadde sett hjarta deira i brann. Eit guddommeleg nærvære som dei fekk kjenne på, og som også vi kan oppleve når vi opnar oss for Guds Ord.

Ei levande von

Når Ordet, altså Bibelen, vert opna for oss, så blir det mykje meir enn ei vanleg bok med mange bokstaver, ord og kapittel. Det kjem ein evig bodskap fram i frå orda.

Ein bodskap som vi til dømes kan lese om frå profeten Jeremia si bok: «Med evig kjærleik har eg elsa deg, difor har eg heile tida vist deg miskunn.»

I både dåp og gravferder siterer vi ofte eit vers frå Peter sitt første brev. Eit skriftord som skal omgje oss og vere med oss i våre liv:

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!»

– Ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. Det er påskebodskapen. Ta gjerne med dykk denne setninga inn i påska som no ligg føre oss.

God påske!

Den nye prostidiakonen

Tekst og foto: Olav Nilsen



Den nye prostidiakonen heiter Helga Victoria Aas Johnsen, og gret nok då ho vart fødd – slik alle nyfødde gjer.

Ho trødde sine barnesko på Årnes i Lyngdal, litt sørvest for Alleen sentrum.

Her gjekk ho og på Årnes barneskule inntil ho måtte inn til Berge skule då ho byrja i ungdomsskulen.

Trass sin unge alder har ho fått utført mykje allereie.

Ho er 32 år, gift med Tore frå Vennesla, og har no busett seg på hans heimplass.

Etter at dei gjorde Venndølar av seg har dei og fått ein son. Han heiter Isak og vert 2 år til sumaren.

Helga har alltid vore ein lesehest. Ein av hennar yndlingsforfattarar er Karen Blixen, og der boka «Syv fantastiske fortellinger» står høgt i kurs. Men Helgas store draum er sjølvsagt å vitja staden i Kenya der boka «Min Afrikanske farm» er henta frå. Der budde som kjent Karen Blixen ein periode av livet sitt.

Helga har alltid likt å reise, og tenkjer med glede attende på bilturane foreldra hennar tok henne med på til England då ho vaks opp.

Eit anna ynda reisemål er Italia. Om ho talar italiensk veit eg ikkje, men ho gestikulerer mykje når ho snakkar, og det tek eg som eit teikn på at ho i aller beste forstand har fått eit visst Italiensk preg over seg.

Alle lesnaden i barndom og oppvekst gjorde at Bibliotekarskulen vart eit naturleg val då ho var ferdig med vidaregåande skule.

Den ligg i Oslo, og då vart hovudstaden neste stoppestad på vegen.

Men då ho hadde fullført Bibliotekarskulen vart utferdstrongen for sterke, gode gamle England kalla på ho, og reisevalet falt på Sjømannskyrkja i London.

Her jobba ho som eittåring i to år, og dreiv både med praktisk og diakonalt arbeid.

Noko ho likte svært godt var å vitja norske skip langs hamnene i London, og sjølv om det kan hende berre var skipperen, styrmannen og maskinisten som var norsk, fekk ho alltid ei svært god mottaking.

Gjennom dette fekk ho meir og meir auga opp for diakoniens betydning, så difor reise ho heim og tok diakoniutdanning på Menighetsfakultetet.

Det var på denne tida ho traff ein kjekk Venndøl med det klingande namnet Tore Aas Johnsen. Dei gifta seg i 2015, og i 2016 gjekk turen sørover til Vennesla.

Kvifor det ikkje vart hennar fagre barndoms bygd Lyngdal gløymde eg å spørje henne om, men det eg veit er at Venn-dølar flest er svært heimekjære.

Før vei kom så langt arbeidde Helga som diakon i Hønefoss, og det likte ho svært godt.

Her vanka ho på ei varmestue for rusmisbrukarar, her gjekk ho fast på eit hospice for alvorleg sjuke og døyande, og var med på pensjonistsleiarar, eldretreff og anna diakonalt arbeid.

Det var ei ganske god aldersspreiing på dei ho trefte på i dette arbeidet, og det likar ho godt.

Då eg spør om det ikkje var krevjande å vitja alvorleg sjuke og døyande, svarar Helga:

-Det er fint å vera ein samtalepartner, og det jo pasientane som sjølve vel kva dei vil tala om. Dei talar ofte om livet dei har levd, og er syner gjerne stor omsut for dei som vert att når dei er borte. Av og til kjem ein og inn på åndelege spørsmål, og då kan det vera fint å lysa signinga, be Fadervår, eller dela eit ord om dei er opne for det.

Etter at Anna Heggland slutta som prostidiakon til nyttår er Setesdal prosti delt i to når det gjeld denne tenesta.

Tidlegare prostidiakon Per Emanuelsen tek seg av Valle og Bykle, medan Helga har ansvaret for heile området frå Bygland til Vennesla.

I Bygland har jo allereie vore innom både Byglandsheimen og Friviljugsentralen.

Både stader har ho vorte svært godt motteken, og skryt av alle dei gilde Byglendingane ho til no har treft på.

Men så er Helga og ei gild, kjekk og smilande ung dame som har vesenet med seg, i tillegg til solid bagasje på livets veg til trass for sin relativt unge alder.

Helga har mobilnummer 992 30189 og mailadresse: helga.johnsen@kirkebakken.no

Så det er berre å ta kontakt med henne frametter.

Førerebels har ho eit vikariat fram til sumaren, men me får vona ho vert lenger hos oss en det.

Til slutt kjem Helga med fylgjande kloke tankar om tenesta si:

Eg vil vera diakon for alle som treng eit medmenneske å tala med, uansett alder, tru og overtyding!

Ta godt imot den nye prostidiakonen vår!

L.E.G.O. – Romania

Tekst og foto: Åse Torhild Guldsmedmoen



Gode Maria 5 år.

Den 9.mars 2019 er det 10 år siden L.E.G.O.-Romania ble selvstendig forening. De to årene før var vi et prosjekt i soknerådet sitt ungdomskor Koriallverda på Evje. Det har vært en spennende reise der vi har møtt mange forskjellige mennesker, samarbeidet med flere både her hjemme og i Romania, reparert flere hus og

vært til hjelp for mange familier. Hva vi har oppnådd er vanskelig å måle, men det som har vært den «røde tråden» gjennom alt, er at vi vil «hjelpe de som trenger det mest, på en måte som tjener de best». Navnet vårt sier litt om hva vi vil.

L står for lek/læring – vi vil at barna skal komme til skolen og trives der. Lærdom er viktigste vei ut av fattigdommen, og alle skal ha mulighet til å lære å lese, skrive og regne.

E står for egenhjelp – vi ønsker å hjelpe fattige familier, men motto vårt er «Du må gjøre noe får å få noe» - hjelp til selvhjelp.

G står for godhet - vi lever i et godt land, og som en takk til Gud, ønsker vi å vise godhet og å gi noe tilbake til mennesker som ikke har fått samme mulighet som oss.

O står for organisering – vi tror på at skal vi lykkes med hjelpearbeid er det viktig at det vi samler inn av både og penger og tøy ikke deles ut tilfeldig, men etter vurderinger og organisering av mennesker

som kjenner både forholdene og mottakerne.

Vi har innsamling av tøy og «ting og tang» hver første fredag i måneden fra kl.15.30 til 18.00, på vårt lager på Evjemonen. I tillegg til klær og sko tar vi imot tepper og dyner, gulvtepper, kopper, kar og gryter. Alt som ikke er tøy må pakkes i kasser. Blanke sekker til tøy deler vi ut og det er Bygland plast sponser oss med det. Et par ganger i året sender vi varene nedover med trailer. Dette er ikke gratis derfor ber vi om en 50-lapp for sekken/ kassa. På Joker Bygland kan du gi oss pantelappen, og dette er det Tone Gakkestad som organiserer. Det er et kjærkommet bidrag som kommer fra Byglands-befolkningen.

Vi ønsker å hjelpe på en mest



I dette lille huset bodde en familie på 9. Vi har bygd det hvite huset til de etter rumensk tradisjon. Det gamle er nå hønsehus og vedbod.

Nå i mars fikk skolegården ny lekeplass og vi registrerer at den er plassert lengre bort, ...så da er det plass til påbygget som det er søkt om og som vi håper så inderlig på.



Glade barn som har fått bananer som smiler. Det kan noen ganger blir litt trangt, men nå har de i alle fall pulter.

mulig fornuftig og langsiktig måte. Tøy og mat blir ikke delt ut tilfeldig i Romania. Pengestøtte gir vi aldri til privatpersoner. Vi har brukt tid på å skape relasjoner til personer som bor i Romania og som kan hjelpe oss å hjelpe. Det har vært en vei å gå, masse å lære og både prøve å forstå og akseptere kulturforskjeller.

Mange kjenner til at vi i mange år har drevet gjenbruksbutikken «Huldas second hand» i byen Targu Mures, sammen med et misjonærpar. De har nå pensionerte seg og reiste hjem til New Zealand høsten 2018. Butikken er lagt ned og jentene som de tok seg av og oppdro, har fått seg ordinært arbeid og klarer seg selv. Det var jo det som var målet med opplæringen.

Jentene og misjonærparet har ført oss til andre mennesker som vi nå samarbeider godt med. På skolen i landsbyen Székelytompa i Tampa, noen mil utenfor Targu Mures, har vi et godt samarbeid med lærerne. Det var til denne skolen vi samlet inn penger for et par år siden. Målet var ikke å bygge skolen, men støtte «kampen» for å beholde skolen og få den bygd ut til å romme alle elevene. Dette er et samarbeid med ordføreren i Tampa. Tegningene er godkjent men vi venter fremdeles på penger fra staten, mens halve skolen må være i et leid lokale et stykke

unna skolen. Vi håper og tror at det blir «vår tur» snart, fordi nå i mars kom kommunen og laga ny lekeplass. Vårt engasjement viser seg å være til nytte. Skolen skulle legges ned, men nå ser det ut til å skje ting her. Pengene vi samlet inn har vi fortsatt stående, og vi sitter godt på dei. Kommunen må gjerne betale alt, så kan vi bruke de til hjelpearbeid. De fattige familiene trenger hjelp til innkjøp av skrivesaker og skrivebøker, så det kjøper vi inn og lærerne deler ut etter behov.

Byglandsfjord Barneskole – fra skole til skole!

Klasserommene er dårlige og små, og for ungene er det en vanskelig situasjon. De trenger virkelig en motivasjon for å komme på skolen, og det ønsker vi å gi de. Det var glede da de fikk flere skolepulter slik at de kunne ha en pult hver. Pultene de fikk kom fra Byglandsfjord Barneskole. De har også laga julekort til skolebarna i Tampa, og de har hatt aktiviteter og samla inn penger. Dette har betydd mye for ungene i Tampa. Mange av barna kommer fra svært fattige rom-familier. Her er det ikke kultur for at det er viktig med skolegang. Vårt fokus er nå å få familiene til å forstå at den viktigste veien ut av fattigdom er at ungene lærer å lese, skrive og regne. Mange av de voksne kan ikke det, og har hatt ei hell-er slakk holdning til - eller for-

stålelse for - at det er viktig. Sammen med de tre lærerne har vi nå klart å oppnå at flere barn kommer mer jevnlig til skolen, så takk til ungene og lærerne på Byglandsfjord skole for innsatsen.

Som tidligere nevnt er vårt motto «Du må gjøre noe for å få noe». Foreldrene vet nå det, og har fått beskjed om at hvis de sender ungene til skolen, så får de tøy der. Vi har også gitt noen av de fattigste familiene andre «gulerøtter». Hvis de sender ungene på skolen hver dag hele måneden, så får de den siste dagen i måneden ei matpakke til familien. Dette er det lærerne som tar seg av, og foreldrene vet at de kan ikke lure seg til noe her. Det beste er at dette fungerer.

Vi har også fokus på at ungene skal oppdage at det er lurt å komme hver dag, for en av dagene i uken så får de en frukt. Dette er noe de setter stor pris på. Det går litt penger til alt dette, men familiene trenger maten og barna som har et dårlig kosthold og som skal lære har godt av en frukt en gang i uka. Dessuten er det faktisk en motivasjon for ungene til å komme, og flere barn kommer nå mer jevnlig forteller lærerne.

Renslighet!

Ordføreren har også gitt oss tomt hvor vi har plassert en container vi har kjøpt og innredet med dusjer. De vil lønne en arbeider for å holde dusjcontaineren åpen morgen og kveld, og ha renholde av den. Dette syns vi er helt fantastisk og er takknemlige for dette samarbeidet. Det er mange familier i området som ikke har innlagt vann og vil ha helsevinst og stor glede av denne dusj-muligheten. At det vil hjelpe på innemiljøet i klasserommene tror vi også, for hvert barn kommer med sin lukt nå og de blir ei salig blanding.



Møte med Maria og Tomas

Jeg var en tur nede i oktober for å planlegge arbeidet framover sammen med lærerne. Førskolelæreren Ibi kunne da fortelle om to av barna som kom sultne til barnehagen. Maria var urolig og mye sint og lei seg. Tomas satt og gnagde på knoklene på hendene så det nesten gikk hull.. Ibi oppdaga raskt at de ikke hadde mat med og da fortalte begge at det aldri var mat hjemme om morgenen. Ibi gikk selvfølgelig hjem og henta brød og pålegg og fikk mat i begge barna. Nå har vi en

avtale om at hun kjøper inn nødvendig mat på vår regning. Også barnehagebarna får nå en frukt i uka av oss, og det setter de stor pris på.

En måned senere, i desember, var vi nede på juletur og møtte igjen bl.a. gjengen i barnehagen. Maria og Tomas kom da og kasta seg rundt halsen min. Vi delte ut adventskalendere og det ble laga gulasj-suppe til alle barna i barnehagen og på skolen. Sammen hadde vi noen fantastiske timer med lek, mat og moro. Da Ibi spurte barnehagebarna hvorfor de ble glad

for å se meg igjen, rekker Maria 5 år handa i været og sier: «Fordi hun kommer med kjærlighet og glede»!!

Til juleturen samla vi inn penger her hjemme og kjøpte julegaver i Romania til alle skole- og barnehagebarna. Gavene ble pakka i festsalen på hotellet vi bor på. Det ble en flott opplevelse - igjen. Det kom inn penger fra mange glade givere her i Bygland kommune og området rundt. Det er nå for kostbart å sende ut takkebrev, så derfor benytte vi anledningen til å TAKKE HJERTELIG for alle bidrag. Dere var alle med på å bidra til at Maria, Tomas og alle barna i barnehagen og på skolen fikk oppleve at «..der kom noen med kjærlighet og glede»!



Maria og Tomas koser seg med brødskive med syltetøy som de nå får av oss.

På tur til Israel

Tekst: Knut Gakkestad • Foto: Tone Norgarden Gakkestad



Andre veka i februar var Tone og eg på tur til Israel. Det var Ellen Raen frå Israelsmisjonen som var reiseleiari, og formålet med turen var å bli betre kjent med arbeidet som Israelsmisjonen har i landet.

Israelsmisjonen feirar i år sitt 175 årsjubileum, og er den eldste misjonsorganisasjonen i Noreg. Den hadde to formål: »Dels i blant de Christne at vekke Kjærlighet til Israel, dels i blant Israel at virke til Christendommens fræmme». Mest alt misjonsarbeid føregjekk blant jødane i Aust-Europa i tidsrommet før staten Israel vart oppretta i 1948.

Men i 1949 starta Israelsmisjonen sitt arbeid i Israel (Haifa og Tel Aviv) blant jødar som hadde kome frå Romania.

Israel er eit lite land, om lag så stort som Hedemark fylke, men det bur likevel 8.8 mill menneske der. Av dei er 6.6 mill jødar, og 1.8 mill er arabiske muslimar og kristne. I tillegg er der nokre andre folkegrupper.

Den første dagen på turen var i Tel Aviv, og me var med på gudsteneste i Immanuelkyrkja. Dette er ei vakker kyrkje som vart bygd av den tyske kolonien i Jaffa for 115 år sidan. Sjølve kyrkjebygget er eit eksotisk innslag i bybiletet, og kvart år er det frå 4-6000 menneske som er på omvising i kyrkja. Då kyrkja vart restaurert var det den norske kunstnaren Victor Sparre som laga glassmåleria i kyrkjerommet, dei er vakre med kjende bibelske motiv.

Tel Aviv er i dag ein moderne storby, for vel 100 år sidan var det berre sanddyner der byen no ligg, så det er ei imponerande utvikling.

I 1952 tok Israelsmisjonen over leininga av Bibelselskapet sitt arbeid i Israel, og vi vitja bibelbutikken, og





fekk høyre Andy Ball fortelje om arbeidet der. Det er ikkje lett å nå jødane med evangeliet. I heile Israel reknar ein vel med om lag 10-15000 messianske jødar.

Når ein jøde vert ein kristen, kallar han seg messiastruande eller messiansk. Ordet kristen er eit altfor belasta ord for jødane. Dei knyttar det berre til mykje av jødeforfylgingane dei har vore utsette for.

I dag er det det ortodokse Shas partiet som styrer innenriksministeriet. Dei er svært strenge med kven som får immigrere til Israel. Dei reknar ikkje messianske jødar som jødar, så dei har store vanskar med å få opphold i landet.

Vi var to dagar i Haifa som også ligg ved Middelhavet nokre mil nord for Tel Aviv. Det var Magne Solheim som starta arbeidet her i 1950, og i 1969 vart det bygd eit menighetssenter som heiter Beit Eliahu. Her ligg også Ebenezerheimen som Israelsmisjonen driv. Dette arbeidet begynte i 1976, og det er den einaste alders- og sjukeheim i Israel for messianske jødar og arabiske kristne. Heimen er meir enn ein institusjon, det er som ein familie.

Dei tre siste dagane var vi i Jerusalem. Jerusalem er den største byen i Israel med 880000 innbyggjarar, og den er også hovudstaden i landet. Byen vart grunnlagt av kong David for 3000 år sidan, og har hatt

ein heilt sentral plass i jødedommen. Byen ligg mest 900 moh. Så når vi syng «Se vi går opp til Jerusalem», så er det akkurat slik det er.

I Jerusalem fekk vi omvising på Caspari Senter, og forelesing om «Messianske jødar i Israel gjennom 70 år». Dette senteret vart grunnlagt i 1982, og underviser studentar i bibelske og jødiske studiar

Vi fekk også eit møte med Lena Levin som er leiar for ein organisasjon som kallar seg Machaseh (Tilfluktstad). Dei har som mål å hjelpe menneske som på ulikt vis har erfart skuggesida i livet.

Vi møtte også representantar for «Jerusalem Institute of Justice» som har som motto:

«Eit hjarta for rettferdigheit, ei stemme for folket». Dei har i 10 år kjempa for at prostitusjon skal gjerast ulovleg, og det var ein stor dag for dei då denne loven vart vedteken 31. desember 2018.

Har lyst til å avslutte med denne bøna som står i Salme 122, v 6-7:

«Bed om fred for Jerusalem
Gjev dei som elskar deg må leva trygt
Gjev fred får råda bak dine murar, og
tryggleik i dine borger»

Shalom frå Tone og Knut Gakkestad



HEIL VED Bernt Gautesstad takkar for seg

Tekst og foto: Olav Nilsen

Gravferdsagentar er ei ynda yrkesgruppe i filmar, seriar og vitsar, og det er mange grunnar til det.

Kven gløymer vel gravferdsagenten Monsieur Alfonse frå den populære engelske serien Allo Allo. Hans motto var: "Quickly and With style".

På engelsk kallar dei Bernt Gautesads yrkesgruppe for "the undertaker", og det er jo på mange måtar eit dekkande namn.

Etter at eg byrja som kyrkjeverje i Bygland for 12 år sida har eg vore i kontakt med Bernt Gautesstad ei rekke gonger, men den einaste liskapen eg finn mellom han og Monsieur Alfonse må vera at han og i eitt og alt har gjort

arbeidet sitt med stil i ordets aller beste forstand.

Då eg var ny i arbeidet, og aldri hadde vore borti gravferder før, var det alltid trygt og godt å rádføra seg med Gautesad Gravferdsbyrå, anten det var Bernt eller son hans Thor Ole. For det dei ikkje veit om gravene og kyrkjegardane i Bygland er ikkje verdt å vite.

Men så har dei og tent folket og dalen gjennom si viktige teneste gjennom 30 år.

Det var bror til Bernt, Arild Gautesad som starta opp byrået i 1988, og Bernt vart og involvert frå starten av.

Omrønt samstundes vart eldstesonen til Bernt, Thor Ole, ein del av verksemda, og saman har dei drive byrået på alle beste vis frå den gong og fram til i dag. - Utan Thor Ole hadde det ikkje gått, seier Bernt, og kan ikkje nok få fullrost son sin for det gode og solide arbeidet han har utført allereie frå ungdomen av.

Etter avtale er det no Vennesla og Evje Begravelsesbyrå som tek seg av sjølve gravferdene, men den delen som har med gravsteiner å gjera vert vidareført som tidlegare.

Arild Gautesad som starta opp gravferdsbyrået, døydde døverre så altfor ung, berre 39 år gamal, og etter den



tid er det Bernt, kona hans Laila, og son deira Thor Ole som har stått for verksemda til Gautestad gravferdsbyrå.

Området dei har dekka har vore både langt og vidt, frå Åseral og Grindheim i vest til Engesland og Vegusdal i aust, og frå Vennesla og Kristiansand i sør til Bygland i nord.

Men Bygland og Byglingane har alltid hatt ein spesiell plass i gravferdsbyråets verksem, og det er nok ikkje mange heimar og menneske i Bygland som ikkje har vore i kontakt med Bernt Gautestad. - Byglingane er gilde folk, seier Bernt, og har mange gode minne frå menneske han har møtt her oppe - og i tunge og vanskelege stunder slik det som oftast ved livets slutt.

Telefonen har stått på døgnet rundt, og Bernt har rykka ut - like gjerne tidleg på morgone, som seine kvelden eller svarte natta, og mykje tid har gått med på å møte menneske i den djupaste sorg. Det kan vera tungt å

bera for alle, og ikkje minst for eit føllesmenneske som Bernt.

-Men det som har bore meg mang ein gong, er håpet om at ein i dei tyngste stunder får sjå eit gryande smil gjennom tårene, seier Bernt med ettertrykk.

-Eg er umåteleg takksam for den tenesta eg har stått i, held han fram, og for alle dei gilde Byglingane som har vist meg tillit i livets mest krevjande stunder!

Takksam er han og for alle dei dugnadane han har fått vere med på i Bygland.

Kvar einaste år stiller dei opp både han og Thor Ole, rettar opp på steinar og ordnar så fint på samtlege kyrkje-gardar i kommunen. Heilt gratis!

Og sjølv om gravferdsdelen av byrået noe er lagt ned, har dei tenkt å fortsetja med å koma på dugnadane i åra framover.

Bernt Gautestad bur på Røyrtveit,

langs vegen opp mot Gautestad, og her dreiv han gard på fulltid i mange år. Samstundes kjøpte og dreiv han gard på Heggland, så det vart travle dagar på alle vis.

Bernt er gift med Laila, fødd Fianbakken. Ho vaks opp hos besteforeldra på Skomedal, og det gjer banda til Bygland endå sterkare.

Thor Ole med familie har og budd her oppe, og reknar seg i dag som Byglingar.

For meg som kyrkjeverje har Bernt Gautestad vore ei klippe. Som heil ved! Alltid korrekt og presis, og med ein oversikt som er uerstatteleg!

Men ikkje berre korrekt og presis, like mykje er det varmen og tryggleiken han utstråler, og som menneske som har misst sine kjære set så stor pris på når det trengs som mest!

Så vonar med å fortsatt sjå både Bernt, Laila og Thor Ole med familie titt og ofte på Bygland og i åra som kjem!



Årsfest Bygland sokn

Tekst og foto: Olav Nilsen



Sundag 3.mars var det duka for gudsteneste og påfølgande årsfest i Åraksbø.

I Sandnes kyrkje var det først gudsteneste under leiing av sokneprest Kjell Steinbru.

Talen han heldt denne sundagen er også andaken i dette nummeret av Kyrkjebladet.

Vonheimkoret song for oss, og kyrkja var godt fylt opp av ein takksame gudstenestedel-takarar som denne sundagen fekk høre evangeliet om Jesus både gjennom fin song og ein engasjerande og innhaldsrik tale med Jesus i sentrum.

Etterpå samla me oss til Årsfest i Grendehuset, der komiteen hadde sørga for mykje god mat og drikke.

Knut Gakkestad las opp årsmeldinga for 2018, og etterpå vart det åpna for samtale om arbeidet i kyrkelyden.

Sokneprest Kjell Steinbru sa litt om prestemangelen som no og merkast i vårt prosti, og der han no i tillegg til Bygland skal vera sokneprest i Åseral.

På spørsmål om det er lønsforholda som er årsak til prestemangelen sa han noko til stor ettetanke: "Då eg i ungdomen fekk kall til presteteneste hadde eg ikkje løna i tankane i det heile. Det var kallet til teneste i Guds rike som var det avgjerande".

To solide støtter i kyrkjelydens arbeid gjennom mange år vart takk spesielt for lang og tru teneste.

Det var Bernt Gautestad som gjennom sitt gravferdsbyrå har tent Byglendingar og Setesdøler i ein mannsalder.

For kyrkjeverja har Bernt vore ei utruleg god støtte, for det er vel ikke den kyrkjegard i Bygland der ikkje Bernt har oversikt over det meste.

Og ei gravferd i regi av Gautestad gravferdsbyrå vert alltid gjennomført på en god og trygg måte. Det veit alle Byglendingar som har vore i kontakt med dei under forhold som ofte kan vera både vanskelege og krevjande.

Den andre som vart takka for lang og tru teneste var organist Torgny Sandland, som grunna alder og helse no takkar for seg.

Han bur på Koland i Bjelland, men han i nærmere 10 år vort fast inventar på orgelkrakken i Byglandskyrkjene saman med Britt Haugen og Hans Jurgen Wiehe. Torgny har med sitt lune og gode vesen og sitt trygge akkommagnement til songane vore til stor velsigning og glede for kyrkelyden.

Alt i alt vart dette ein oppmuntrande årsfest for ein trufast og gild flokk denne første sundagen i mars.





Kjem til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

14. April. Palmesøndag.

Hovatn ved Åraksbø kl. 12:00. Friluftsgudsteneste. Kjell Steinbru. Joh 12,1-13.

19. April. Langfredag.

Årdal kyrkje kl. 19:00. Rune Stormark. Matt 26,30-27,50.

20. April. Påskeaftan.

Austad kyrkje kl. 18:00. Påska i ord og

tonar. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid.

21. April. Påskedag.

Bygland kyrkje kl. 16:00. Kjell Steinbru. Vonheimkoret. Takkoffer til KVS-Bygland. Joh 20,1-10.

28. April. 2. søndag i påsketida.

Årdal kyrkje kl. 16:00. Samtalegudsteste med konfirmantane. Kjell Steinbru. Takkoffer til KRIK. Joh 20,24-31.

5. Mai. 3. søndag i påsketida.

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Kjell Steinbru. Takkoffer til Vest Agder sundags-skulekrins. Mark 6,30-44.

17. Mai.

Årdal kyrkje kl. 11:00. Vikarprest. Takkoffer til Frelesarmeene. Luk 17,11-19.

19. Mai. 5. søndag i påsketida.

Årdal kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjon. Kjell Steinbru. Takkoffer til Sjømannskyrkja. I Kong 8,12-13.27-30.

Laurdag 25. Mai. 6. søndag i påsketida.

Bygland kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjon. Takkoffer til Kirkens SOS. Kjell Steinbru. Matt 6,7-13

Laurdag 1. Juni. Søndag før pinse.

Austad kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjon. Takkoffer til Evangeliesenteret. Kjell Steinbru. Joh 16,12-15.

9. Juni. Pinsedag.

Greptin gamle kyrkjeruin ved Reiårvatn kl. 11:00. Friluftsgudsteneste. Konfirmasjon. Takkoffer til LEGO Romania. Kjell Steinbru. Joh 14,23-29.

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Bergliot Tordis Larsen, født 05.05.1939, død 31.01.2019

Anne Paus, født 13.12.1932, død 12.12.2018

Dåp

10. februar i Årdal kyrkje: Anna Ueland Omnes.

17. februar i Bygland kyrkje: Eivind Homme Bolstad.

Fasteaksjonen

Gi eit liv med reint vatn! Reint vatn reddar liv. Reint vatn forandrar liv. Saman forandrar vi verda, eit liv om gongen.

Med dette som utgangspunkt kjem konfirmantane rundt til husstandane i Bygland og samlar inn pengar til årets fasteaksjon. Fasteaksjonen er ein del av Kirkens Nödhjelps sitt arbeid der dei har fokus på vatn, sanitær og hygiene (WASH) i langsiktige utviklingsprosjekt og akutte katastrofesituasjonar over heile verda. Aksjonsdagen er den 9. april. Ta vel imot dei!



Den tiande februar hadde vi ei flott og innhaldsrik gudsteneste i Årdal kyrkje. Byglandsfjord barnekor var med og song i to avdelingar under gudstenesta. Det sette vi stor pris på. Det var også dåp i gudstenesta. Det var Anna Ueland Omnes som vart døypt.

Den 17. februar var det dåp i Bygland kyrkje. Da var det Eivind Homme Bolstad som vart døypt.

Diakoni i praksis

I 2008 laga diakoniutvalget diakoniplan for Bygland.

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande felleskap, vern om skaperverket og kampen for rettferd.

I diakoniplanen ynskte ein gjennom kamp for rettferd å støtte Lego Romania og undertekna fekk satt opp ei postkasse på Joker, Bygland i februar 2009. Der kunne folk legge pantelappene i.

Folk i Bygland har trufast lagt pantelapper i kassa. Frå 27/2-09 og fram til des 2018 har det komme inn kr 27.480,50. Siste år kom det inn kr 3700.-

I kampen for rettferd så er alle som gir til Lego Romania med å hjelpe fattige familier og undertrykte stor og viktig hjelp.

Takk til Åse Guldsmedmoen som leder arbeidet.

Takk til Joker, Bygland som let oss ha kassa på veggen.

Ansvar for kassa har Tone N Gakkestad.

Tekst: Tone Gakkestad

Velkommen til friluftsgudsteneste

Også i år har vi tenkt at det skal vere gudsteneste ved Hovassdammen palmesundag kl. 12. Vi tek med bålpanne slik at ein etter gudstenesta kan grille mat ein har med seg, og varme seg ved bålet. Det er viktig at ein samarbeider om transporten, for at det skal bli så få skuterar som mogeleg.

I år er palmesundag så seint som 14.april, så i skrivande stund er det umogeleg å vite korleis føret blir. Dersom det ikkje er snø, eller dårlig ver, vert gudstenesta i Sandnes kyrkje.

Vi vonar at folk møter godt fram, for dette vert den einaste gudstenesta i påska i øvre delen av kommunen.

Helsing soknerådet.

Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune: 37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: 473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland kyrklege fellesråd og Bygland sokneråd

Leiar:
Knut Gakkestad
Mobil: 948 80 383
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

Årdal sokneråd

Leiar:
Gunnar Gautland
Mobil 908 25 928
E-post: ggautland@agder.no

Tilsette Organist

Britt Haugen 472 33 165
Torgny Sandland 951 68 579
Hans Jurgen Wiehe 915 47 804

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen 984 69 989
Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid 462 39 056

Klokkar, Austad

Svein Kleivane 977 7 4321
Knut Gakkestad 948 80 383

Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes) 994 54 393
Therese Gautestad
(Austad) 901 94676

Prostidiakon

Helga Victoria Aas
Johnsen Mobil 992 30189
Mail: helga.johnsen@kirkebakken.no

Innmelding til dåp

Det gjer du enkelt på heimesida: evje.kirken.no

Gå inn på kyrklege tenester, dåpsregisteringsskjema.

Treng du hjelp, ring Evje kyrkjekontor 37 93 00 08 tysdag og torsdag 9-14 eller fredag 9-12

Til venner og brukarar av Vonheim

Kassa er tom, og difor bed me om eit bidrag til drifta av bedehuset vårt på Bygland. Stort eller lite.

Så vonar vi at huset framleis vil vere til nytte, glede og velsigning. Slik det har vore i mange år.

Ein stor TAKK for ditt bidrag! Kontonummer: 2898.20.15261

For styret i Vonheim

Svein Kleivane

VIPPS!

I ei tid då stendig fleire gjeng over til VIPPS har me opprettet følgjande VIPPS-nummer:

Bygland sokn: 545689

Årsdal sokn: 545716

Kyrkjebladet: 554108

Når du skal overføre til ein av desse, gå inn på "kjøp og betal" og legg inn VIPPS-nummeret i søkefeltet. Deretter kan du overføre det aktuelle beløpet.

Det vert no hengt opp skilt i kyrkjene som viser VIPPS-nummera, og i Kyrkjebladet vil det bli prenta på innlagt giro, slik at du kan velje betalingsmåte.

Store endringar i prestetenesta

På grunn av stendig mindre bevillingar til prestetenesta frå statleg hald har det vore naudsynt med ei kraftig omorganisering av prestetenesta i vårt distrikt.

Frå den 1. februar vart følgjande endringar iverksett: Åseral kyrkjelyd vart innlemma i Otredal prosti, og soknepresten i Bygland vart utnevnd til også å vere sokneprest i Åseral. Byglandspresten vil ikkje framover gjere så mange tenester i Evje og Hornnes som det fram til no har vore.

Åseral og Bygland er ikkje så veldig ulike i høve til talet på innbyggjarar. For å få dette til å gå i hop vil det framigjennom verte iverksett fleire innstrammingstiltak. Det vil mellom anna bli ein reduksjon i talet på gudstenester i Bygland.

Det kan bli fleire fellestiltak for konfirmantane, med samarbeid mellom Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. Vi tek sikte på at Byglandsheimen vil få den same betjening som før.

BÖNNEMØTER PÅ BYGLAND VÅREN 2019

Velkommen til bønn i Jesu navn.

Matt.7 v. 7-11: Be, og dere skal få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere.

Vonheim: Mandag 29. April Kl 19.30

Åraksbø Grendehus: Mandag 13. Mai Kl. 19.30

Vonheim: Mandag 27. Mai Kl 19.30

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE
posten
NORGE P.P. PORTO BETALT



*Utsikt mot Åraksbø på ein fager vinterdag
Foto: Tone Norgarden Gakkestad*